

GRØFTING

Mykje å vinne ved godt arbeid og materiale

Fra LOT-melding

Kvart år blir det grave ca. 15 000 km jordbruksgrøft her i landet, det same som avstanden frå Nordpolen til Sør-Afrika, og den samla grøftelengda tilsvarar no jordas omkrins ti gonger. Men likevel har vi framleis mykje vass-sjuk jord som bør grøftast, opplyser amanuensis Peder Hove ved Institutt for kulturteknikk, Norges landbrukshøgskole.

Jord som er godt grøfta blir tidlegare klar til vårarbeid enn vass-sjuk jord, og ein kan kjøre på ho kortare tid etter nedbør. Avlinga blir og som regel større og meir årsikker, og det er lettare å få ho vel i hus.

Alt grøftearbeid må gjerast etter ei vel gjennomtenkt plan. Grøfteavstand og grøftedjup blir som regel bestemt skjønnsmessig, men forsøksresultat kan vere til god hjelp. Dei siste åra har det vore ein sterk tendens til å standardisere grøfteavstanden i dei ulike distrikta trass i at jordbotnstilhøva varierar nokså mykje. Det vil utan tvil vere rett å variere grøfteavstanden meir enn vi gjer i dag, seier Hove.

Vanleg grøftedjup er frå 80 cm til ein meter. I andre land er det vanleg å ta noko djupare grøfter, og forsøk tyder på at det er rett. Difor bør vi berre unntaksvis ha grunnare grøfter enn ein meter. På myrjord må grøftene gravast 1,1—1,3 m djupe.

Dekking av røra er ein viktig, men ofte forsømt del av grøftearbeidet. Forsøk har vist at dei beste dekkmateriala er sagflis og grus, men mose og torvstrø er og fullt brukbare. Derimot bør vi ikkje bruke dekkmaterial som glasull og steinull, seier Hove, som og har lita tru på rør med ferdig monterte filter.

Landbruksdepartementets opplysningsteneste har nyleg gjeve ut eit småskrift som inneheld ei mengd gode råd om grøfting. Skriftet, som er skriva av amanuensis Hove, kan ein få på jordstyrekontora.

*

Vi vil anbefale nevnte skrift som gir mange praktiske råd om planlegging og utføring av grøftearbeidet. Både planleggere, maskinkjører og de som utfører grøftearbeid på sin eiendom, vil ha meget god bruk for småskrift, nr. 5/75, Grøfting, som fåes på jordstyrekontorene eller fra Landbrukets opplysningstjeneste, Moerveien 12, 1430 As.

Red.